



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 24/652-18
Saksbehandler Arnhild Smeland

Stortingsvalet 2025 - Fastsetting av stemmestader for
førehandsrøysting, samt opningstider for desse og for vallokale på
valting

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Valstyret	10.03.2025	25/3

Valstyret har behandlet saken i møte 10.03.2025 sak 25/3

Avrøysting:

Enstemmig for kommunedirektøren sitt framlegg.

Vedtak i Valstyret

Førehandsrøysteperioden:

Stemmestad for ordinært mottak av førehandsrøyster er Åmli rådhus.

- Opningstid vil følge ordinær opningstid for rådhuset som er 09.00-14.00.
- Det skal i tillegg haldast langopent to dagar i tidsrommet 14.00-19.00.

Stemmestader for førehandsrøysting i kvar av dei tre nedlagte valkretsane Gjøvdal, Nelaug og Dølemo blir hhv. Vallhall, Nelaug skule og Dølemo oppvekstsenter.

- Opningstid 15.00-18.00 ein ettermiddag på kvar stad.
- Kommunedirektør får fullmakt til å avgjere datoar for desse.

Valting:

På valdagane vil vallokalet Åmli rådhus ha følgjande opningstider:

- Søndag 7. september: 13.00-16.00
- Måndag 8. september: 08.00-20.00

Stortingsvalet 2025 - Fastsetting av stemmestader for førehandsrøysting, samt opningstider for desse og for vallokale på valting

Kommunedirektøren sitt framlegg

Førehandsrøysteperioden:

Stemmestad for ordinært mottak av førehandsrøyster er Åmli rådhus.

- Opningstid vil følgje ordinær opningstid for rådhuset som er 09.00-14.00.
- Det skal i tillegg haldast langopent to dagar i tidsrommet 14.00-19.00.

Stemmestader for førehandsrøysting i kvar av dei tre nedlagte valkretsane Gjøvdal, Nelaug og Dølemo blir hhv. Vallhall, Nelaug skule og Dølemo oppvekstsenter.

- Opningstid 15.00-18.00 ein ettermiddag på kvar stad.
- Kommunedirektør får fullmakt til å avgjere datoar for desse.

Valting:

På valdagane vil vallokalet Åmli rådhus ha følgjande opningstider:

- Søndag 7. september: 13.00-16.00
- Måndag 8. september: 08.00-20.00

Saksvedlegg

Ingen.

Andre saksdokument

Valgloven § 7-2 - hvor velger kan forhåndsstemme: <https://lovdata.no/lov/2023-06-16-62/§7-2>

Kort om saka

Valgloven fastset at det er valstyret som skal bestemme kor stemmestad skal være og stemmestadene sine opningstider. Både for førehandsrøysteperioden og for valdagen.

Merknader / vurdering

Ordinær førehandsrøysting foregår på rådhuset i opningstida, med to dagar langopent, slik har vi praktisert tidlegare også. Førehandsrøysteperioden er frå 11. august til og med 5. september.

Som kompensierende tiltak for at vi nå berre har ein valkrets skal vi ut i dei tre nedlagte kretsane å hente førehandsrøyster før valdagen. Vi ønsker å gjere dette etter at rådhuset er stengt slik at vi kan bruke dei same stemmemottakarane som vi bruker til dagleg på rådhuset. Vi ønsker å være tilgjengelege ute i grendene i tidsrommet 15.00-18.00, ein ettermiddag i kvar grend, ila dei to siste vekene av førehandsrøysteperioden.

Desse lokala vil ikkje bli betegna som «allment tilgjengelege lokale» på valglokaler.no fordi dei berre er tilgjengelege få timar ein dag kvar. Men opningstid vil bli godt kunngjort lokalt i Åmli.

Kommunedirektør får fullmakt til å avgjere datoar for desse dagane. Det skal foregå i løpet av dei to siste vekene før valdagen.

Sidan vi nå berre har ein stemmekrets har vi og berre er eit vallokale på valdagen. Det er difor naturleg å auke opningstida. Tidlegare har vi hatt opent 08.00-12.00 og 15.00-20.00. Vi ønsker nå å ha opent heile dagen, 08.00-20.00.

Dette blir ein lang dag for dei ansvarlege i vallokalet, noko vi tenker å løyse med å rekruttere to personar ekstra, slik at alle kan få høve til å ta pauser i løpet av dagen.

Alle tilbod vil bli godt annonsert på nettside, facebook og i lokalavis. Også dei tre tidspunkta for førehandsrøysting på Dølemo, Nelaug og i Gjøvdal.

11.mars 2025